

Innkalling

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 3.ETG BIBLIOTEKSALEN
Dato: 02.09.2025
Tidspunkt: 15:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 26/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 27/25 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon drikkevassforsyning
PS 28/25 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge
PS 29/25 Orienteringar
OS 01/25 Orientering om heimeskuleundervisning
PS 30/25 Førespurnad om Daaetunet omsorgsbustader
PS 31/25 Budsjettramme kontrollarbeidet 2026
PS 32/25 Meldingar og skriv
MS 13/25 Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalleiarar Møre og Romsdal
MS 14/25 Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn
MS 15/25 Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn - juni 2025
MS 16/25 Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025
MS 17/25 Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Ålesund, 26.08.2025

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 26/25	Ålesund kontrollutval	02.09.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 27.05.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 27/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon drikkevassforsyning Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet er orientert om at kommunedirektøren har sett i verk fleire tiltak til læring og forbetring i organisasjonen. Både til drikkevassforsyninga generelt og etter den uønska hendinga med utslepp i Brusdalsvatnet.

Kommunedirektøren har levert ein framdriftsplan for tiltak i tråd med tilrådingane i revisjonsrapporten. Denne svarer ut kommunestyret sitt vedtak om oppfølging frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si oppfølging av denne kontrollhandlinga er med dette å sjå som utført.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har bestilt og fått levert ein forvaltningsrevisjon av drikkevassforsyninga og den aktuelle hendinga. Ålesund kommunestyre gjorde vedtak etter tilråding frå kontrollutvalet i sitt møte 15.05.2025.

Slik var vedtaket:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å

- 1. evaluere kvifor dei mål som er lagt for sanering av gamle rør ikkje vert nådd, og legge fram ein prioritert oppfølgingsstrategi for å nå måla.*
- 2. forbetre og formalisere rutine innan internkontroll i tråd med dei tilrådingane som kjem fram i rapporten.*
- 3. praktisere internkontrollrutinane slik at det vert ei systematisk oppfølging av drikkevassvatnet ved hendingar knytt til forureining, og som sikrar koordinering og kommunikasjon mellom involverte avdelingar og aktørar.*
- 4. følgje opp rapporten sine merknader om evaluering og læring etter uønskte hendingar*

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren sender kontrollutvalet ein framdriftsplan for tiltak i tråd med vedtaket, innan 20. august 2025.

Kontrollutvalet følgjer opp vidare på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal orientere kommunestyret om tilbakemeldinga frå kommunedirektøren og utvalet si eiga vurdering av denne.

Vurdering:

Kommunedirektøren leverte sin framdriftsplan for tiltak innan fristen i vedtaket.

Dokumentet har som tittel på framsida: Notat til kontrollutvalet.

I dette notatet gjer kommunedirektøren greie for gjennomførte og planlagt tiltak, sett opp mot dei tilrådingane som vart løfta fram i forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet si vurdering av oppfølginga til det enkelte punkt i kommunestyrevedtaket er:

1. Her gjer kommunedirektøren kort greie for årsaker til at saneringsplan og mål ikkje er nådd. Kommunedirektøren viser så til at det er under arbeid ein ny hovudplan som skal til politisk handsaming. Det kjem fram i notatet at denne hovudplanen skal til politisk handsaming i løpet av vinteren 2025/2026. Og at hovudplanen legg grunnlaget for ein ny plan for sanering.

2. og 3. Kommunedirektøren gjer greie for at det både før og etter den aktuelle hendinga har vore eit omfattande arbeid med rutiner og planer i verksemd vann og avløp. Alle tilsette skal no vere involverte i dette arbeidet. Det er arbeidd med tydelegare rutiner for varsling, ansvarsfordeling og informasjonsflyt ved uønska hendingar. Og at det er sett i verk eit systematisk arbeid med arbeidsmiljø og betre samhandling innad i verksemda.

4. På dei siste sidene i Notat til kontrollutvalet ligg det ei detaljert oversikt over ulike tiltak i samband med revisor sine merknader i rapporten. Slik sekretariatet vurderer det så er dette ein plan som viser både gjennomførte, påbegynte og planlagte tiltak.

Som konklusjon på desse punkta så meiner sekretariatet at kommunedirektøren har svart ut vedtaket frå kommunestyret, og gjev si tilråding ut frå det.

Sekretariatet vel å legge nokre fleire mottekne dokument som vedlegg til denne saka. Desse dokumenta er kommunalområdet si eiga interne evaluering etter den aktuelle hendinga, ei skjematisk tidslinje, kriseleiinga sine evalueringar etter deira involvering og Optiva AS sin rapport om helseisiko.

Desse dokumenta er tilleggsinformasjon til kontrollutvalet og ikkje ein direkte del av det kommunestyret gjennom sitt vedtak har bede kontrollutvalet om å følgje opp.

Det er kommunedirektøren som har personalansvar for dei tilsette. Det omfattar å legge til rette for eit godt arbeidsmiljø og at tilsette har tilgang til den kunnskap og kompetanse dei treng for å utføre arbeidet sitt på ein forsvarleg måte. Alle tilsette skal kunne kjenne til og praktisere dei til ein kvar tid gjeldande internkontrollrutiner som både skal førebygge og fungere når uønska hendingar oppstår.

Revisjonen nemner i sin rapport at dei vurderer at kommunedirektøren bør etablere rutiner som fører til at både evaluering og læring etter uønska hendingar skjer utan ugrunna

oppald. Den tidslinja som ligg ved som vedlegg til saka her, viser at det har tatt noko lang tid etter denne aktuelle hendinga før ei evaluering ligg føre. Dette samsvarer med det inntrykket kontrollutvalet har fått av at nokre av dei tilsette var utålmodige i prosessen og hadde ei oppleving av å ikkje bli involvert tidleg nok.

I Optiva AS sin rapport der dei har gjort ei vurdering av helserisiko for drikkevatt etter den aktuelle hendinga, så seier dei i sin konklusjon at hendinga truleg ikkje gjorde noko helserisiko. Dei meiner at denne hendinga kunne og burde vore unngått. For kommunar som Ålesund og Sula, som kun har ei drikkevasskilde, vil konsekvensen vere stor dersom denne blir forurensa.

Ein forvaltningsrevisjon er ein viktig reiskap for å betre måloppnåing og auke kvaliteten på tenestene i kommunen. Ein forvaltningsrevisjon er meir enn berre ei kontrollhandling, den skal vere nyttig for å betre internkontrollen og forbetningsarbeidet i kommunen. Det er sekretariatet si vurdering at kontrollutvalet som kommunestyret sitt kontrollorgan, har utført det oppdraget kommunestyret bad dei om, og tilrår at utvalet no kan avslutte denne kontrollhandlinga.

Vedlegg

Kommunedirektøren sin framdriftsplan for tiltak etter forvaltningsrapport drikkevassforsyninga

Tidslinje - evaluering etter hending Brusdalsvatnet

Beredskapsplan - administrativ del vatn og avløp - mars 2025

Kommunalsjefen sitt notat til kommunedirektøren etter intern evaluering

Rapport frå intern evaluering etter hending med utslepp Brusdalsvatnet

Vurdering av helserisiko for drikkevann etter hending - utført av Optiva AS

Evaluering av overordna handtering i kriseleiinga etter hending Brusdalsvatnet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 28/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Etter å ha fått ei orientering frå kommunedirektøren om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid for barn og unge, reknar kontrollutvalet denne forvaltningsrevisjonen for avslutta.

Bakgrunnsinformasjon:

I september 2023 handsama kontrollutvalet ein rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge, i Ålesund kommune.

Problemstillingane kontrollutvalet ynskte svar på gjennom denne forvaltningsrevisjonen var:

1. Korleis er tilbodet innanfor psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune organisert?
2. I kva grad har Ålesund kommune system og rutinar for å fange opp barn og unge med psykiske vanskar som kan ha behov for oppfølging?
3. I kva grad har Ålesund kommune lagt til rette for eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tilbod for barn og unge med psykiske vanskar?
4. Sikrar Ålesund kommune brukar- og pårørande-medverknad i samband med psykisk helsearbeid for barn og unge?

Kontrollutvalet sendte si tilråding knytt til funna i rapporten over til kommunestyret, som gjorde vedtak i sak i sitt møte 21.09.2023.

Kommunestyret sitt vedtak ligg ved saka som eige vedlegg.

Kommunestyret bad kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet, på oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2024. Dessverre så har ikkje kontrollutvalet fått denne saka til behandling på det tidspunktet det var tenkt, og det må sekretariatet ta på

si kappe. Det er sekretariatet som er kontinuiteten i kontrollarbeidet, og som bør sørge for at saker som går frå ein valperiode til ein anna, vert fulgt opp.

Vurdering:

Sjølv om det er ei stund sidan denne forvaltningsrevisjonen fann stad, så er det likevel interessant for kontrollutvalet å høyre kva tiltak som er gjort i etterkant. Har funna som kom fram i forvaltningsrevisjonen ført til forbedringstiltak og læring som kanskje ikkje hadde kome uten denne rapporten?

I sin konklusjon så seier forvaltningsrevisor følgjande: "Vår vurdering er at Ålesund kommune gjer mykje bra arbeid på dei områda vi har sett på. Vi ser også at der er ein del utfordringar som kommunen har når det kjem til å fange opp og følgje opp utsette barn og unge, og når det kjem til samarbeid på ulike nivå."

Revisor gav fylgjande anbefalingar i rapporten, og kommunestyret bad kommunedirektøren om å merke seg.

TILRÅDINGAR

Vi rår til at Ålesund kommune vurderer å:

- Sjå nærare på tilbakemeldingane frå lærarane om det er sett av nok ressursar/kompetanse/tid i skulen til å fange opp og følgje opp elevar med psykiske utfordringar, og vurdere om meir tverrfagleg arbeid på dette området i skulen kan bidra til å lette dei problem lærarane peiker på.
- Bruke resultat frå eksempelvis Ungdata-undersøkingar i større grad i kommunens systematiske førebygging.
- Prioritere ressursar til arbeidet med å innføre BTI (betre tverrfagleg innsats) for å få betre systematisk samarbeidsstruktur internt.
- Halde fram med arbeidet med å implementere «Barn og unges helseteneste (i Møre og Romsdal)» for å få betre samarbeidsstruktur både internt og med spesialisthelsetenesta.
- Sjå nærare på om koordinator-rolla er hensiktsmessig organisert jf. tilbakemelding frå Koordinering og tildeling, og jf. tilbakemelding frå helsesjukepleiarar.
- Gi betre/meir informasjon til fastlegane i kommunen om kva tilbod kommunen har til barn og unge med psykiske utfordringar (jf. tilbakemelding frå Helse MR)
- Sjå nærare på om tilbodet i skulehelsetenesta er eit godt nok lågterskeltilbod jf. ventelister, og bygningsmessige utfordringar i eldre bygg.
- Følgje opp bekymringa frå Koordinering og tildeling knytt til aldersgruppa 16-18 år.

Viser ellers til sidene 47-49 i rapporten der revisor sin konklusjon og tilrådingar står. Sjå gjerne også sidene 53-54 i rapporten, der er kommunedirektøren sitt høyringssvar er tatt med.

Kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren peikar på, vil i møtet gje ei orientering om status, og om mogeleg svare på oppfølgjande spørsmål frå kontrollutvalet. Presentasjonen ligg ved saka her.

Vedlegg

Kommunedirektøren si oppfølging av forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge.pptx

Kommunestyret sitt vedtak - forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helsearbeid barn og unge

Rapport forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helsearbeid for barn og unge - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 29/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Orienteringar

Underliggende saker

01/25 Orientering om heimeskuleundervisning

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 01/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Orientering om heimeskuleundervisning Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

Bakgrunn:

Det vert hevda at stadig fleire foreldre i Norge vel å undervise barna sine i heimen. Dei siste ti åra har talet på barn som får heimeundervisning, vorte meir enn tredobla.

Årsakene til at born får heimeundervisning kan vere mange, men mobbing, skulevegving, sjukdom, manglande tilpassa opplæring, lang og farleg skuleveg vert nemnt som moglege årsaker.

Norge har ei opplæringslov som gjeld for alle barn, uavhengig av kvar dei får undervisninga si. Frå opplæringslova:

§ 22-5. Privat grunnskoleopplæring i hjemmet

Foreldre har plikt til å melde fra til kommunen dersom de skal gi barna privat grunnskoleopplæring i hjemmet.

Den private grunnskoleopplæringen i hjemmet skal oppfylle kravene til formålet med opplæringen i § 1-3, kravene i § 1-4 andre ledd om at opplæringen skal være i samsvar med læreplaner for fag og § 1-6 første ledd om fag- og timefordelingen, forbudet mot forkynning i § 14-5 og kravene i § 14-7 til hvordan opplæringen om emnene kristendommen, religion, livssyn og etikk skal legges opp.

Kommunen skal føre tilsyn med at den private grunnskoleopplæringen i hjemmet oppfyller kravene i andre ledd. Når kommunen får melding om at et barn skal få slik opplæring, skal kommunen åpne tilsyn innen tre måneder etter at opplæringen tar til. Kommunen kan kreve at barn som får privat grunnskoleopplæring i hjemmet tar prøver som kan vise om opplæringen oppfyller kravene i andre ledd.

Dersom opplæringen ikke oppfyller kravene i andre ledd, skal barnet gå på skolen.

Kommunen sin heimel for å drive tilsyn med privat heimeundervisning finn vi i Opplæringslova § 14-3. Kommunen har rett og plikt.

Med dette som utgangspunkt så er kommunedirektøren beden om å gje kontrollutvalet ei kort orientering om kor mange barn som fekk heimeundervisning i skuleåret 2024/2025, og om mogeleg seie noko generelt om kva type årsaker som ligg til grunn.

Om kontrollutvalet ynskjer å gå nærare inn i andre sider ved dette, så må det setjast opp som eiga sak på eit seinare møte.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 30/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Førespurnad om Daaetunet omsorgsbustader

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå innsender til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalsekretariatet mottok 08.06.2025, på vegne av kontrollutvalet, ein førespurnad frå Kari Grindvik som leiar i Eldrerådet i Ålesund kommune. Ho viser til at eldrerådet sin protokoll frå møtet 21. mai, og ber om at kontrollutvalet vurderer prosess og prosjekt Daaetunet Borettslag.

Kontrollutvalsekretariatet sendte vedlagte svar til Kari Grindvik etter avtale med leiar.

Det er einaste kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver. Kontrollutvalet er kommunestyret sitt operative kontrollorgan, og rapporterer frå arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Det er kontrollutvalet som må vurdere den innsendte informasjonen. Trafikklysmodellen er lagt ved som eit verktøy til hjelp i den vurderinga.

Neste forvaltningsrevisjon som er planlagt, er på området samhandling ved tildeling, forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bustader/spesialbustader. Planen er at kontrollutvalet startar bestillingsprosessen seinare i haust.

Kontrollutvalsekretæren vil råde kontrollutvalet til å vurdere om det som her vert teke opp av innsendar, kan sjåast på som ein del av informasjonen, når arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen tek til.

Eit anna alternativ er at utvalet drøfter om det ut frå risiko- og vesentlegheit er grunnlag for å bestille ei ekstra kontrollhandling, med bakgrunn i det som innsendar tek opp.

Vedlegg

Svar på førespurnad om omsorgsbustadane Daaetunet - frå eldrerådet

Førespurnad om omsorgsbustadane Daaetunet - frå eldrerådet

Spørsmål frå Kari Grindvik, stilt i eldrerådet 21.05.2025 - Svar frå administrasjonen

Møteprotokoll eldrerådet 20250521

Trafikklysmodellen - verktøy for vurdering av førespurnader

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 31/25	Ålesund kontrollutval	02.09.2025

Budsjettramme kontrollarbeidet 2026 Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Ålesund kommune er på **kr 5 725 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 600 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 1 525 000
- Rekneskapsrevisjon (inkl. KF) kr 2 130 000
- Forvaltningsrevisjon kr 1 470 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2025 for Ålesund kommune og dei kommunale føretaka.(KF).

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal utarbeide eit framlegg til budsjett for kontrollarbeidet.

I uttrykket kontrollarbeid inngår utgifter til:

- kontrollutvalet sin eigen aktivitet
- sekretariatstenesta for kontrollutvalet
- alle revisjonstenester som er lovpålagte eller som vert bestilt av kontrollutvalet på vegne av kommunestyret

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for kontrollarbeidet skal uendra følgje budsjettsaka, frå behandling i formannskapet til vedtak i kommunestyret.

Kommunelova er tydeleg på at det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått.

Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet si uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt budsjettframlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.

Ålesund kommune er medeigar i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) og kommunestyret har valt dette selskapet som sekretariat for kontrollutvalet. Det er representantskapet for SKS IKS som vedtek eigarskapsdelen for kvar enkelt eigarkommune.

Kommunestyret har valt eigenrevisjon som revisjonsordning og Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) som revisor for kommunekassa og dei kommunale føretaka (KF). MRR fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå medgått tid, og med fastsette timesatsar som revisjonsselskapet sitt årsmøte vedtek. Ålesund kommune er medlem i samvirkeføretaket.

Revisjonstenestene omfattar rekneskapsrevisjon og andre kontrollhandlingar som er fastsett i lov eller med heimel i lov. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll i samsvar med dei planar som kommunestyret har vedteke. Utvalet kan bestille andre kontrollhandlingar som t.d. undersøkingar at avgrensa område/tema. Og kommunestyret kan be kontrollutvalet om å utføre kontrolloppdrag.

Vurdering:

Revisjonstenester

Sekretariatet har motteke eit budsjettgrunnlag frå MRR, på dei tenestene som revisjonen skal levere. Dette byggjer på erfaringstal frå tidlegare år og på bakgrunn av årsmøtet sine vedtekne satsar for selskapet

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken påverka av kor godt kvalitetssikra årsrekneskapsrapporten er frå både kommunen og dei kommunale føretaka si side, når dei vert levert til fristen 22. februar. Og kor godt kommunen/føretaket følgjer opp dei innspel revisor gjev gjennom revisjonsarbeidet. Det same gjeld den lovpålagte årsmeldinga (årsberetninga) som skal leverast innan 30. mars. For budsjettåret 2026 legg ein til grunn noko lågare utgifter til den finansielle revisjonen enn for 2025, og budsjettet er difor tatt ned i forhold til budsjettet for 2025.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll utfører revisor på bestilling frå kontrollutvalet, i samsvar med vedteken Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll. Det er her kontrollutvalet har sitt handlingsrom når dei bestiller sine kontrollhandlingar. Kommunestyret kan vedta å be kontrollutvalet bestille andre kontrollhandlingar med midlar kommunestyret då tildeler.

Med dette som utgangspunkt er det lagt til grunn ei samla budsjetttramme på kr 3 600 000 for revisjonsarbeid i Ålesund kommune og dei tre kommunale føretaka.

Sekretariatsteneste

Ålesund kommunestyre nyttar Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som sekretariat for kontrollutvalet. Det er representantskapet (eigarmøtet) til selskapet som fastset eigardelane. Dette vert gjort på eigarmøtet i oktober. Den eigardelen som vert lagt til grunn i dette budsjettframlegget, er difor dagleg leiar sitt framlegg til styret.

Eigardelen i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS for Ålesund kommune 2026 er sett til kr 1 525 000, som er litt under fjorårets tal.

Kontrollutvalet sitt eige arbeid:

Talet møter for kontrollutvalet byggjer på erfaringar frå tidlegare år, og dei siste åra har det vore sju møter.

Satsane for møtegodtgjersle er heimla i Ålesund kommune sitt reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår med tilhøyrande forskrift. Det er tatt med frikjøp og arbeidsgivaravgift.

Kvaliteten på kontrollarbeidet vert påverka av om kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert på det som rører seg nasjonalt i kontrollfaget. Det å delta i samlingar med andre kontrollutval lokalt og nasjonalt, er særers nyttig med tanke på kompetansebygging og erfaringsutveksling.

Kontrollutvalet får tilgang til nasjonale faglege ressursar gjennom medlemskap og informasjon frå dei to kompetanseorganisasjonane for kontroll og tilsynsarbeid; NKRF-kontroll og revisjon og FKT - Forum for kontroll og tilsyn.

Samla budsjett for kontrollutvalet sitt eige arbeid (godtgjersle og andre utgifter) vert sett til kr 600 000.

Samla oversikt:

Kontrollutvalet sitt eige arbeid	Kr 600 000
Sekretariatstenester SKS IKS (eigardel)	Kr 1 525 000
Rekneskapsrevisjon MRR kommunekassa, § 24	kr 1 690 000
Rekneskapsrevisjon MRR kommunale foretak KF, § 24	kr 440 000
Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll MRR, bestillast §§ 23-3 og 23-4	kr 1 470 000
Samla budsjetttramme kontrollarbeidet	kr 5 725 000

Heimelsgrunnlag:

Kommunelova § 14-3 tredje ledd

Kommunelova § 23

Kommunelova § 24

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2

Kommunal og distriktsdepartementet sin rettleiar Kontrollutvalsboka

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 32/25	Ålesund kontrollutval	02.09.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

- 13/25 Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalleiarar Møre og Romsdal
- 14/25 Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn
- 15/25 Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn - juni 2025
- 16/25 Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025
- 17/25 Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Saksframlegg

Saksnr. MS 13/25
Utval Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalleiarar Møre og Romsdal

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Vedlagt er ei oppsummering frå ei samling for alle kontrollutvalsleiarar i Møre og Romsdal.

Vedlegg

Oppsummering fagdag kontrollutvalsleiarar 25.08.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 14/25	Ålesund kontrollutval	02.09.2025

Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Medlem i kontrollutvalet Hans Endre Sæterøy, deltok på Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 2025 den 3.-4. juni og representerte Ålesund på årsmøtet 3. juni.

Vedlegg

Protokoll årsmøte 2026 Forum for kontroll og tilsyn

Presentasjoner fra fagkonferanse 2025 - dag 1

Presentasjoner fra fagkonferanse 2025 - dag 2

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 15/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn - juni 2025

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Vedlagt er Forum for kontroll og tilsyn sitt nyhetsbrev frå juni 2025.

Vedlegg

Nyhetsbrev juni 2025 frå Forum for kontroll og tilsyn

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 16/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Protokollen og andre dokument frå Attvin si generalforsamling som vart halden 5. juni, er lagt ved som informasjon.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling 05.06.2025 - Attvin AS
Strategi Attvin generalforsamling juni 2025
Økonomi 2024 Attvin generalforsamling 5 juni 2025
EY Presentasjon generalforsamling 050625

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 17/25 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.09.2025

Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kommune arrangerte 24. juni 2025 eit oppstartsmøte for revisjon av kommunen si eigarskapsmelding. Dei som var inviterte var leiinga i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalssekretæren vart invitert for å informere om kontrollutvalet si oppgåve knytt til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap.

Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å kjenne til den informasjonen som vart formidla.

Vedlegg

Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap 24.06.2025